

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 10.05.2010  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 16.04.10 - 12.05.10**

**Styresak 059/10 O**  
**Administrerande direktør si orientering pkt 8**

**Styremøte 01.06. 2010**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 16.04.10 – 12.05.10
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

**Del 1**

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	05.03.10	<p>I samband med selskapskontrollen for 2009 gjennomførar Riksrevisjonen ein utvida kontroll av Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka sine val, oppfølging og kontroll av styra i underliggjande helseføretaka. Føremålet med kontrollen er å undersøke i kva grad eigar etterlever gjeldande lovverk og prinsipp på området.</p> <p>Kontrollen er omtala i eiga sak til styremøte 7. april 2010.</p> <p>Svarfrist er sett til 14. april 2010. Riksrevisjonen har opna for ein viss oversittning av svarfristen, og svar blei sendt 29.04.10.</p>	
	22.04.10	Riksrevisjonen ønskjer å ha ein dialog med dei regionale helseføretaka sine internrevisjonar om gjennomførte og planlagde kontroller/revisjonar, og det er invitert til eit fellesmøte 22. juni 2010.	
Statens helsetilsyn	03.02.10	<p>Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har med bakgrunn i mottekne opplysingar oppretta tilsynssak knytt til tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) i Helse Førde. Helsetilsynet uttalar i brevet at drifta ved UPH ikkje stettar kravet til forsvarleg verksemd som følgjer av spesialisthelsetenestelova § 2-2, og ber om eit møte med Helse Vest.</p> <p>Møtet blei halde 25.02.2010.</p> <p>Det blei i møtet semje om følgjande oppfølging:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drifta må bli brakt i samsvar med krav til forsvarleg verksemd snarast.</li> </ul>	

	15.03.10	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fram til 15. juni 2010 må det bli gjort ein vurdering med omsyn til korleis eit meir robust og berekraftig tilbod kan bli utforma</li> </ul> <p>I brev frå Helsetilsynet blir det vist til dei strakstiltaka som vil bli sette i verk for å bringe verksemda i samsvar med krava til forsvarleg verksemd og milepælar i arbeidet med å sikre ein robust drift av UPH. Helsetilsynet avventar ei ny tilbakemelding innan 15.06.10.</p> <p>Helse Førde skal sikre drifta medan Helse Vest RHF skal sørge for å rapportere innan fristen 15.06.10.</p>	
<b>Arbeidstilsynet</b>		Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	07.05.10	<p>Klage på avvisning i anbodskonkurranse om kjøp av kirurgiske tenester.</p> <p>Bergen Kirurgiske Sjukehus er avvist frå konkurransen innan fagområdet plastikk kirurgi og har påklaga denne avvisninga.</p>	Avgjer føreligg ikkje.
	07.05.10	<p>Klage på avvisning i anbodskonkurranse om kjøp av kirurgiske tenester.</p> <p>Colosseumklinikken Stavanger er avvist frå konkurransen innan fagområdet generell kirurgi og har påklaga denne avvisninga.</p>	Avgjer føreligg ikkje.
<b>Sivilombudsm.</b>		Det er ikkje motteke saker frå Sivilombodsmannen i perioden.	

## Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>		Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.	
<b>Statens helsetilsyn</b>	26.02.09	Melding om tilsyn med Ryfylke DPS 22.-23. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med <ul style="list-style-type: none"> <li>vurdering og prioritering av nye pasientar</li> <li>utgreiing</li> <li>behandling og oppfølging</li> </ul>	
	16.06.09	Rapport frå tilsynet med Ryfylke DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik: <ul style="list-style-type: none"> <li>Ryfylke DPS har ikkje sørga for tilstrekkeleg spesialistkompetanse.</li> <li>Alle prosedyrar er ikkje kjent for alle tilsette.</li> <li>Det blir ikkje skrive journal(notat) av behandler (lege eller psykolog) på alle pasientar som blir lagt inn ved sengeposten.</li> </ul>	

		<p>Helse Stavanger er gitt frist til 10. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> <p>Helse Vest har per mai 2010 fått følgjande opplysningar om status:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avvik 2 og 3 blei lukka i 2009</li> <li>• Med omsyn til avvik nr 1 fekk Ryfylke DPS tilsett ny spesialist per 1. mars 2010. Det er sendt melding til Helsetilsynet, men Helsetilsynet si tilbakemelding er ikkje motteken.</li> </ul>
	28.04.09	<p>Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk 19. – 20. mars 2009. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er ikkje lagt til rette for at tilvisingar alltid blir vurderte og at pasientane får informasjon om utfallet av vurderinga i samsvar med krav i pasientlova og spesialisthelsetenestelova.</li> <li>• Ein sikrar ikkje at alle pasientar med rett til nødvendig helsehjelp får behandling innan den tid som er vurdert som fagleg forsvarleg.</li> <li>• Ventelister inneholder ikkje opplysingar som er nødvendige for oversikt og styring av aktivitet.</li> </ul> <p>Helse Vest har motteke følgjande opplysningar om status i saka per mai 2010:</p> <p>Helse Fonna er gitt frist til 01.06.2010 om å gi opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Bruk av brevmalar (gjeld svarbrev til tilviste pasientar) som skal vere i tråd med regelverket.</li> <li>○ Tidspunkt for når det er venta at nye legar vert tilsette. Tal på fristbrot på lunge-/gastroavdelingeininga for perioden 15.03-01.06.2010.</li> <li>○ Ventelistene: Nye opplysingar om løysingar som er sette i verk og evaluering av desse.</li> </ul>
	12.06.09	<p>Rapport frå tilsyn med Øyane DPS 12. og 13. mai 2009. Ved tilsynet blei det påpeikt fire avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Øyane DPS manglar tilstrekkeleg medisinsk/psykiatrisk kompetanse</li> <li>• Fleire pasientar ved Øyane DPS får ikkje forsvarleg utgreiing og behandling.</li> <li>• Ansvar som ligg til leiar av poliklinikk (seksjonsleiar) og seksjonsleiar for rehabiliteringsteamet blir oppfatta forskjellig av fleire tilsette.</li> <li>• Praksis med å gi avslag på søknadar samsvarer ikkje alltid med føresegnene i lov om pasientrettar.</li> </ul> <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> <p>Helse Vest har motteke følgjande opplysningar om status i saka per mai 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle avvika er lukka, men Helsetilsynet følgjer opp manglende sengeplassar ved Øyande DPS. Det er lånt senger ved psykiatrisk klinikk medan nye bygg er</li> </ul>

		under oppføring. Helsetilsynet har ikkje lukka saka, men har heller ikkje stilt nye krav til Øyane DPS som no ikkje er ivaretakne.
	14.09.09	Helsetilsynet i Hordaland gjennomførte hausten 2008 eit tilsyn ved Åstveit Helsesenter AS. I brev av 26.08.09 har dagleg leiar opplyst at alle tiltak framleis ikkje fungerar som dei skal. Helsetilsynet ber om at det innan 30.12.09 blir oversendt opplysingar om korleis tiltaka fungerar og leiinga si vurdering av om styringssystemet er tilstrekkeleg til å førebygge og om nødvendig fange opp svikt.
	11.12.09	Åstveit Helsesenter har gjort greie for dei tiltak som er sett i verk for å sikre at tiltaka fungerar.
	15.12.2009	Tilsynet blei lukka.
	21.09.09	Helsetilsynet gjennomførte hausten 2008 eit tilsyn ved Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter. Det har i lang tid vore arbeidd med å lukka dei avvik som blei påpeikt. Innan 01.12.09 ber Helsetilsynet om å få ei orientering om og evaluering av rutinane for å gjere medisinsk faglege vurderingar og sende sluttrapport/epikrise til fastlege. Det blir også bedt om ei orientering om og evaluering av rutinane for journalføring.
	05.12.09	Brev frå Helsetilsynet der det innan 20.12.09 blir bedt om opplysingar med omsyn til kva dato overgang til elektronisk pasientjournal blir fullført. Innan sama dato blir det bedt om kva tid rutinane for føring av pasientjournal blir evaluerte.
	11.10.10	Brev frå Helsetilsynet der de viser til mottekne opplysingar og at desse er tatt til orientering. Innan 10.04.10 blir institusjonen bedt om å gjere greie for om alt helsepersonellet har fått opplæring og no fører elektronisk pasientjournal.
	15.04.10	Brev frå Helsetilsynet der det blir vist til at tiltak for å rette avvik frå krav i helselovgjevinga er sette i verk. Tilsynet er med det avslutta.
	23.09.09	Rapport frå tilsyn med Kronstad DPS, Helse Bergen HF 25. og 26.08.09. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årstad allmennpsykiatriske poliklinikk, Kronstad DPS har for få legar/psykiatere.</li> <li>• Nytilsette ved Årstad allmennpsykiatriske poliklinikk, Kronstad DPS får ikkje alltid ein systematisk opplæring om lovverk og interne prosedyrar.</li> </ul> <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. desember 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> <p>Helse Vest har motteke følgjande opplysingar om status i saka per mai 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avvika er ikkje lukka, og Helse Bergen er bedt om å svare på status innan 15.09.10.</li> </ul>
	30.10.09	Melding om tilsyn med Askøy Blå Kors Klinikk 17. desember 2009. Tilsynet omfattar ordningar og tiltak for å sikre eit forsvarleg behandlingstilbod og ivaretaking av rettstryggleiken til pasientane ved bruk av inngripande tiltak.
	15.02.10	Rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik:

		<ul style="list-style-type: none"> <li>Organiseringa ved Skjerma eining er slik at tenestene ikkje kan utøvast fagleg forsvarleg.</li> <li>Skjerma eining ved ABKK har for tida ikkje tilstrekkeleg lege- og psykologfagleg kompetanse som tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal ha.</li> <li>Rutinar og praksis ved inngripande tiltak er ikkje i tråd med krava i forskrifter.</li> </ul>
	26.02.2010	Helsetilsynet mottok nye opplysningar om arbeidet som er sett i gang for å rette avvik og at det vil bli gjort ei samla evaluering.
	19.03.2010	Opplysningane blei tekne til orientering. Verksemda må innan 01.10.2010 sende evaluering, konklusjonar og opplysningar om eventuelle tiltak.
	27.11.09	Melding om tilsyn med Stiftelsen Bergensklinikken, Avdeling klinisk verksemd – psykiatrisk ungdomsteam den 11.02.10.
	26.02.10	Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF vedrørande oppfølging av "sørgje for"-ansvaret. I brevet blir helseføretaket bedt om å gi ein vurdering av om utstyrssituasjonen i føretaket har ført til og kan føre til uønska hendingar eller periodar med uforsvarleg tenestetilbod.
	23.03.10	Helsetilsynet kan ikkje sjå å ha motteke vurdering som førespurd og etterspør denne.
	16.04.10	Helsetilsynet viser til svarbrev frå Helse Førde datert 09.04.10. Helsetilsynet har ikkje merknadar til helseføretaket si oppsummering, men saknar ei samla, grunngjeve vurdering av korleis Helse Førde vurderar situasjonen i forhold til lovkrava og ber om ei slik vurdering innan tre veker.
	09.03.10	Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikks for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, Spesialpoliklinikk. Psykiatrisk ungdomsteam. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik frå krav i helselovgjevinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>Nødvendig og kvalitetssikra informasjon blir ikkje alltid gitt til tilvisande instans og oppfølgingsansvarleg når behandling i psykiatrisk ungdomsteam reelt er avslutta.</li> </ul> Helse Fonna er gitt frist til 15. april 2010 med å gjere greie for kva tiltak som blir set i verk.
	19.03.10	Melding om tilsyn med fødeavdelingane ved Helse Stavanger HF 1. og 2. juni 2010.
	26.04.10	Melding om tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved opphold i rusinstitusjonar – Karmsund ABR senter ved avd Avaldsnes ressurscenter 2. september 2010.
	11.05.10	Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen, Psykiatrisk divisjon, Psykiatrisk klinikk 22. – 23. mars 2010. Ved tilsynet blei det ikkje påvist avvik frå krav i helselovgjevinga.
<b>Arbeidstilsynet</b>	28.04.10	Helse Stavanger. Melding om vedtak om pålegg gitt med ny frist. SUS har ikkje i tilstrekkeleg grad klart å synleggjere kva effekt dei ulike tiltaka er meint å ha og om nokre av tiltaka vil påføre andre arbeidstakrar helsekadelege belastningar. Arbeidstilsynet opprettheld påleggspunkt 1 av 29.09.09 og gjer følgjande vedtak:

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påleggspunkt 1 "Tidfestet handlingsplan" av 29.09.09 gis utsatt frist til 01.07.2010.</li> </ul>	
	03.05.10	Helse Fonna. Med bakgrunn i manglende konsekvensvurdering oppretthaldar Arbeidstilsynet pålegg av 02.10.09 og ber om at konsekvensvurdering av planlagde tiltak følgjer i saman med svar på påleggspunkt 2 med frist 01.07.10.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikke registrert nye saker i perioden.	
<b>Statens strålevern</b>		Det er ikke registrert nye saker i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	14.06.09	Helse Bergen HF. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for kjøp av pasienttransport. Klager hevder at Helse Bergen har endra konkurransegrunnlaget vesentleg etter utløp av tilbodsfristen, og at dette prinsipalt skulle medføre ein rett og plikt til å avlyse konkurransen, subsidiært ein plikt til å utsette konkurransen i 14 dagar slik at alle tilbydarane fikk moglegheit til å ta omsyn til endringane. Klager er Taxi 1 AS.	Saka er den 29.04.10 avvist med grunngjeving "ubegrunnet/sak som klart ikkje kan føre fram".
	22.10.09	Helse Fonna HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling om levering av ambulansebåtteneste, sjuketransport og skyss av helsepersonell i Sunnhordalandsbassenget. Klager hevder at innklaga har brote plikta til å innhente opplysingar om samansetting av tilbodet før tilbodet blei avvist som unormalt lågt. Innklaga skal også ha brote plikta til å gjere ein etterfølgjande kontroll av dei forklaringar som klagar kunne ha gitt. Utan desse feila ville klagar ha blitt tildelt kontrakten. Klager: Hjartøy Båtservice AS.	Avgjer føreligg ikkje.
	28.10.09	Helse Fonna HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling om levering av ambulansebåtteneste, sjuketransport og skyss av helsepersonell i Sunnhordalandsbassenget. Det blir hevda at det ikkje er gitt tilstrekkeleg grunngjeving for tildelinga. I tillegg er det hevda at unnlating av å leggje fram evalueringsskjema og poenggiving før kontrakt blei	Avgjer føreligg ikkje.

		<p>inngått er i strid med krav om etterprøving. Vidare er det peikt på at det er gjort ein rekke feil ved evalueringa av tildelingskriteriet "tenesta sitt faglege innhald", og at tildelingskriteriet "Pris og kostnad" har fått mindre vekt enn oppgitt i konkurransegrennlaget. Til sist er det hevda at kontrakten si lengde på 5 år er i strid med regleverket.</p>	
	04.02.10	<p>Helse Stavanger HF. Saka gjeld innleie av administrerande direktør. Partiet Demokratene i Hordaland ber i saka om at KOFA tar stilling til om det ligg føre eit ulovleg direktekjøp.</p>	<p>Klagenemnda ila 6. mai 2010 Helse Stavanger HF eit gebyr på 500 000 kroner for ulovlig direkte anskaffing. Etter at administrerande direktør slutta på dagen blei det leid inn ein konsulent for å fylle stillinga. Oppdraget blei ikkje kunngjort. Nemnda meinte det var tale om ein konsulentteneste, og at det låg føre vanleg kunngjeringsplikt. Det var ikkje høve til å nytte det snevre unntaket for direkte anskaffingar i uføresette hastetilfelle. Ved utmåling av storleiken på gebyret blei det særleg lagt vekt på at den ulovlege konsulenttenesta blei forlenga. Gebyret utgjorde ca. 12,5 prosent av verdien på kontrakten.</p>
	26.02.10	<p>Helse Bergen HF. Klager har delteke i ein open anbodskonkurranse for inngåing av rammeavtale om blikkenslagar- og taktekartester. Klager hevder at Helse Bergen har brote regleverket ved å avvise klager sitt tilbod.</p>	<p>Avgjer føreligg ikkje.</p>
<b>Sivilombudsmannen</b>			Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.